

Toppkarakter til Ulvanåso.

27.05.2018



John kom rett frå Sheffield for å klatra i Ulvanåso

At mange kjem til Uskedalen for å oppleva Ulvanåso er ei kjend sak. Nokre av dei som kjem, er turfolk medan andre nyttar seg av klatremulighetene. Mange kjem langvegs frå. Denne helga var det også ein del tilreisande som nyttar seg av Ulvanåso både til klatring og tur.

På søndagsturen min møtte eg først John, opphaveleg frå Oslo, men busett i Sheffield i England. Han var saman med ein kamerat frå Oslo. John kunne fortelja at han no kom rett frå Sheffield. Dei to kom til Uskedalen torsdag og hadde budd i telt ved inste enden av Fjellandsbøvatnet. Dei hadde klatra både fredag og lørdag, og hadde hatt flotte og varme dagar i fjellveggen i Nåso. Søndag føremiddag slappa dei av i campen sidan dei seinare på dagen hadde ei lang reise framfor seg.

Dei to var og klatra i Ulvanåso for andre gang, og var svært begeistra for klatrerutene og dei opplevelingane dei gav. Dei beskrev den fantastiske utsikten frå toppen m.a. mot Folgefonna. Elles var dei fulle av superlativ om naturen som omgav dei.

Dei kunne fortelja at det var ein del i klatremiljøet i Oslo som reiste hit til Uskedalen for å få desse opplevelingane. Elles reiste dei mest til Nissedal for å klatra sidan det var nærmare. Der var det også bra ruter, men rutene i Ulvanåso var vel så bra, og dessutan var dei lengre. I Nissedal kryr det av klatrarar, medan det her er både betre plass og mindre folk. Eg ante ein viss misunnelse til bergensarane som har så kort veg hit. John og kameraten garanterte at det vil bli fleire turar til Uskedalen. Dei kunne også fortelja at det var to klatrelag til som hadde campa ved Fjellandsbøvatnet. Dei var og klatra også søndag. Det var også ein del klatrarar som budde andre stader.



Thomas og Anniken hadde hatt supre dagar i Ulvanåso.

Ved bruhaugen over til Hauglandsheio møtte eg på Thomas Lillesund og Anniken Bergslid som var i ferd med å pakka i bilen. Dei er turkameratar, og Thomas er haugesundar busett i heimbyen medan Anniken var frå Trøndelag og bur for tida i Bergen. Dei kom til Uskedalen fredag, gjekk opp frå Kalkestasjonen og fann seg ein fin plass å campe like over tregrensa. Der hadde dei sove under open himmel, og så hadde dei gått flotte turar derfrå m.a. til Geitadalstind. Spesielt Anniken hadde gått mykje i fjellet ulike stader, og ho meinte at dette kanskje var den aller finaste turen ho hadde opplevd.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland